



## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Fitjar kommune, Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Rådhuset, Kommunestyresalen
<b>Dato:</b>	11.09.2024
<b>Tid:</b>	10:15 - 11:45

### Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Aleksander Skogsrud	Leiar	AP
Karen Elisabeth Rydland Sæbø	Nestleiar	SP
Björg Tislevoll	Medlem	H
Johan Ove Sørffonn	Medlem	INP
Rolf Atle Rolfsnes	Medlem	KRF

### Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

### Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

### Andre som møtte:

Wenche Tislevoll	Ordførar (PS 19/24 og PS 20/24)
Steinar Dalland	Kommunedirektør (PS 19/24 og PS 20/24)
Trond Salmo	Økonomisjef (PS 19/24 og PS 20/24)
Øyvind Thorkildsen	Rekneskapsrevisor, Deloitte AS (PS 21/24)
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Kjell Aleksander Skogsrud  
utvalsleiar

Helge Inge Johansen  
utvalssekretær

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 7/24 GK 8/24	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 29.05.2024.	2024/23	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 19/24	Rekneskapsrevisjon - oppfølging av rekn. rapp. nr. 31 og rapport etter etterlevingskontroll - orientering frå kommunedirektør	2023/501	
PS 20/24	Handtering av lovlighetskontroll i kommunestyret - orientering frå kommunedirektør/ordfører	2023/498	
PS 21/24	Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga i 2024	2023/501	
PS 22/24	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	2023/389	
PS 23/24	Budsjett 2025 for kontrollutvalet	2024/115	
PS 24/24	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/499	
PS 25/24	Eventuelt	2022/117	
	<b>Referat saker</b>		
RS 5/24	FKT - medlemsinformasjon juni 2024	2022/116	

## **Godkjenningssaker**

### **GK 7/24 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll 11.09.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### **GK 8/24 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 29.05.2024.**

**Saksprotokoll 11.09.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det var ingen merknader til møteprotokoll frå møte 29.05.2024.

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møte 29.05.2024 vart samrøystes godkjent.

## **Politiske saker**

### **PS 19/24 Rekneskapsrevisjon - oppfølging av rekn. rapp. nr. 31 og rapport etter etterlevingskontroll - orientering frå kommunedirektør**

#### **Forslag til vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

**Saksprotokoll 11.09.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Kommunedirektør orienterte om oppfølging etter rekneskapsrapport og rapport etter etterlevingskontroll, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Informasjonen vert teken til orientering.

## **PS 20/24 Handtering av lovlighetskontroll i kommunestyret - orientering fra kommunedirektør/ordfører**

### **Forslag til vedtak**

Utan forslag til vedtak

### **Saksprotokoll 11.09.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Kommunedirektør og ordfører orienterte om lovlighetskontroll og den saka som var årsaka til at det vart ei sak for kontrollutvalet.

Statsforvaltaren i Vestland har konkludert i saka og har gitt medhald gjeldande sjølve saka og at sakshandsamingstida var for lang.

Ordfører og kommunedirektør legg til grunn at ein skal prøve å unngå slike saker for framtida.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Informasjonen vart teken til orientering.

## **PS 21/24 Revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga i 2024**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tek Deloitte sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2024 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 20.11.2024 med frist for levering til sekretariatet 01.11.2024.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapan for 2024 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2025, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

### **Saksprotokoll 11.09.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Rekneskapsrevisor orienterte om revisjonsplan og risikovurdering i samband med etterlevingskontroll og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Kontrollutvalet tek Deloitte sin presentasjon av revisjonsplan og risikovurdering i samband med forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga til orientering.
2. Utvalet ber om at interimrevisjonsrapport 2024 vert klar til behandling i møte i kontrollutvalet 20.11.2024 med frist for levering til sekretariatet 01.11.2024.
3. Kontrollutvalet ber også om at uttale om resultatet av den forenkla etterlevingskontrollen vert levert til same møtet som årsrekneskapen for 2024 skal behandlast, normalt i mai-møtet 2025, sjølv om den nasjonale fristen er sett til 30.06.

## **PS 22/24 Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll innan .....
2. Deloitte AS vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringane utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 01.11.2024
4. Prosjektplanen skal behandlast i møte i kontrollutvalet 20.11.2024.

### **Saksprotokoll 11.09.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Kontrollutvalet diskuterte aktuelle prosjekt etter ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, og var einig at det viktigaste prosjektet er forvaltningsrevisjon av førebyggjande arbeid blant barn og unge.

Kontrollutvalet var einig i å bestille dette prosjektet.

Vedtak i saka var samrøystes.

## **Vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan førebyggjande arbeid blant barn og unge
2. Deloitte AS vert beden om å levere forslag til prosjektplani tråd med dei føringane utvalet har gitt, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 01.11.2024
4. Prosjektplanen skal behandlast i møte i kontrollutvalet 20.11.2024.

## **PS 23/24 Budsjett 2025 for kontrollutvalet**

### **Forslag til innstilling**

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Fitjar kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2025.

### **Saksprotokoll 11.09.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Sekretariatet presenterte budsjettforslag 2025 for kontrollutvalet og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Denne hausten skal kontrollutvalet gjennomføre på oppdrag frå kommunestyret ny konkurranse av revisjonstenester. Det er i budsjettet sett av kr 50 000 til andre konsulenttenester/ekstra tiltaksmidlar og denne potten kan nyttast til dette.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Fitjar kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2025.

## **PS 24/24 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

### **Saksprotokoll 11.09.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Møteprotokollane vart gjennomgått, det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframlegget til orientering.

## **PS 25/24 Eventuelt**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll 11.09.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det var ingen saker til eventuetsaka.

### **Vedtak**

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

## **Referatsaker**

### **RS 5/24 FKT - medlemsinformasjon juni 2024**

#### **Saksprotokoll 11.09.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

##### **Behandling i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.